Vi ønskjer å lære deg grunnleggande databruk i kvardagen – og alt er GRATIS.

**Har du spørsmål?**

Ta kontakt med Peth på biblioteket, tlf. 70 25 88 80.

***Velkomen til ein uformell prat på biblioteket med to uhøgtidlege og hjelpsomme karar.***






# Datahjelp for nettskremte

***Ein arena for deg som har spørsmål om data***

- Skal du kjøpe mobil, nettbrett eller PC, men er usikker på kva som er lurt?
- Har du kjøpt utstyr, men får ikkje heilt til å ta det i bruk?
- Har du spørsmål om smått og stort knytt til data?



# Digiveke – veke 12

## Tysdag 19, torsdag 21. og fredag 22. mars

## kl. 1400 - 1700 på biblioteket i Valldal

- Hit kan du kome med små og store spørsmål.
- Vi vil svare på spørsmål, og utifrå tilbakemeldingar lagar vi eit opplegg som er tilpassa behova.

Datamaskin og internett blir stadig viktigare for å bruke offentlege tenester – FINN DU FRAM?

Norddal kommune har saman med frivillige gått saman for å legge til rette slik at nye brukarar kan kome set ut på «nettet». Terskelen kan vere litt høg før ein tør seg til, og det dukkar opp mange spørsmål når ein først har skaffa seg utstyr.

Det blir laga til tilpassa opplegg for mindre grupper når ein får oversikt over behovet. Du kan også få personleg rettleiing på avskjerma rom.

Det er Magne Krogh og Kjell Rønning som vil stå for kursing og rettleiing. Dukkar det opp spørsmål undervegs, kan du ta med pc/nettbrett til servicetorget eller biblioteket og få råd der. Dei vil ev. sette deg i vidare kontakt med Krogh og Rønning om ein ikkje får løyst problemet der og då.

Det er viktig at du møter opp så vi får oversikt over kva det er ønskje og behov for når vi skal planlegge vidare oppfølging.

Tilbodet gjeld innbyggjarar både i Norddal og Stordal.